

ULLENSVÅNG

# Planprogram

## Kulturmiljøplan for Ullensvang kommune 2025-2035



Utkast til planprogram September 2024



# Innhold

|   |           |
|---|-----------|
| <b>Innhold</b>  | <b>1</b>  |
| <b>1. Innleiing</b>   | <b>3</b>  |
| 1.1 Bakgrunn for planarbeidet   | 3         |
| 1.2 Informasjonsgrunnlag  | 4         |
| 1.2.1 Kommunedelplan for kulturminner i Odda kommune 2017-2022          | 4         |
| 1.2.1.1 Tematiske område  | 4         |
| 1.2.1.2 Prioriterte kulturminne, utvalde tema og typiske kulturlandskap | 6         |
| 1.2.2 Kommunedelplan for kulturminne i Ullensvang herad 2000-2012       | 7         |
| 1.2.2.1 Kulturminne i Ullensvang  | 7         |
| 1.2.2.2 Kulturminne i krinsane  | 8         |
| 1.2.3 Kommunedelplan for kulturminne i Jondal kommune 2009-2020         | 10        |
| 1.2.3.1 Materiale og status for kulturminne i Jondal kommune            | 10        |
| 1.3 Plantype og forhold til andre planar                                | 11        |
| <b>2. Føringar</b>  | <b>12</b> |
| 2.1 Nasjonale føringar og lovgrunnlag                                   | 12        |
| 2.2 Regionale mål og føringar   | 12        |
| 2.3 Kommunale føringar  | 12        |
| 2.4 Andre føringsgjevande organisasjoner                                | 12        |
| <b>3. Føremål</b>   | <b>13</b> |
| 3.1 Kartlegging og oversikt over kulturminne og kulturmiljø             | 13        |
| 3.2 Evaluering av satsingsområde  | 14        |
| 3.3 Verneverdi, verdsetting og prioritering                             | 16        |
| 3.3.1 Verdivekting: kriterium   | 17        |
| 3.3.2 Vernkategoriar  | 18        |
| 3.4 Formidling, forvaltning og bevaring                                 | 18        |
| 3.4.1 Kommunen si rolle som formidlar                                   | 18        |
| 3.4.2 Kommunen si rolle som forvaltar                                   | 19        |
| 3.4.3 Kommunen si rolle som bevarar                                     | 19        |
| 3.5 Utfordringsbilete   | 20        |
| <b>4. Forslag hovedstruktur</b>   | <b>22</b> |
| 4.1 Kunnskapsdel  | 22        |
| 4.2 Handlingsdel  | 22        |
| <b>5. Organisering, medverknad og framdrift</b>                         | <b>23</b> |
| 5.1 Organisering av arbeidet  | 23        |
| 5.1.1 Administrativ arbeidsgruppe frå Ullensvang kommune                | 23        |
| 5.1.2 Ressursgruppe:  | 23        |
| 5.1.3 Tilgjengelege lokale ressursar                                    | 24        |





|                       |           |
|-----------------------|-----------|
| 5.2 Medverknad        | 24        |
| 5.3 Framdrift         | 24        |
| <b>6. Kjeldeliste</b> | <b>25</b> |





# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn for planarbeidet

Kulturmiljøplan er ein del av planstrategien i Ullensvang kommune for 2024-2028. Etter kommunesamanslåinga i 2020, der gamle Odda kommune, Ullensvang herad og Jondal kommune vart slått saman, har det vore eit mål om å lage ein felles kulturmiljøplan for nye Ullensvang kommune.

Kulturmiljøplan er eit viktig verktøy i forvaltning av kulturmiljø og kulturminne som ein ikkje-fornybar ressurs i kommunen. Ikkje-fornybare ressursar er avhengige av at dei vert teke vare på for å ikkje gå tapt for alltid. Difor må arbeidet med best mogleg forvaltning og prioritering vere sentralt i dette planarbeidet.

For at ein skal kunne gjere bevisste vurderingar og prioriteringar, må kulturmiljøplanen gje ei overordna oversikt over kulturminne i kommunen. Oversikta bør seie noko om omfanget, den geografiske utstrekninga, samt tilstanden av ulike gruppe kulturminne i kommunen. På bakgrunn av dette vil ein kunne peike ut særskilde fokusområde og aspekt innafor ulike tema som bør styrkast eller prioritert under planen sin verknadsperiode.

Det overordna målet er å ta godt vare på kulturmiljø og kulturminne i kommunen og sikre kulturarven for komande generasjonar gjennom vern og formidling.

“Kommunane er viktige som forvaltarar av kulturminne og kulturmiljø. [...] Gjennom arbeidet med å lage ein kulturmiljøplan får kommunen sett temaet på den politiske dagsorden og aktualisert kulturarven si rolle i samfunnsutviklinga.”<sup>1</sup>

-Riksantikvaren

Hardanger-regionen har ein rik kulturarv som er svært viktig å ta vare på og formidle. Den nye kommunen omfattar eit breidt spekter av kulturmiljø og kulturminne, både materielle og immaterielle; frå mellomalderminne til industrielle kulturminne i Odda og Tyssedal, til ulike lokale tradisjonar knytt til folkemusikk og båtbygging med meir. Ein felles kulturmiljøplan vil bidra til å samla trådane frå dei tre tidlegare kommunane. Målet er å lage ei felles oversikt og strategi for bevaring, formidling og forvaltning av den kulturelle arven i nye Ullensvang kommune.

<sup>1</sup> Riksantikvaren 2024





## 1.2 Informasjonsgrunnlag

Det finst mykje informasjon i eksisterande kulturminneplanar frå gamle Odda kommune, Ullensvang Herad og Jondal kommune. Desse planane vert lagt til grunn i vidare arbeid med kulturmiljøplanen.

Det finst også ulike museum, lokale historielag, lokallag, arkiv og lokalhistorisk litteratur som bygdebøker og årbøker, med meir. Desse skal inkluderast under vidare arbeid der det er relevant. Oversikt over aktuelle ressursar vert omtalt i kapittel 5 "Organisering, medverknad og framdrift".

Under følgjer ei kort innhaldsmessig oversikt og samandrag frå dei respektive kulturminneplanane frå dei gamle kommunane.

### 1.2.1 Kommunedelplan for kulturminner i Odda kommune 2017-2022

#### 1.2.1.1 Tematiske område

Kommunedelplan for Odda kommune omtalar ei rekke tematiske område:

- Automatisk freda kulturminne (frå før 1537) og bygg frå 1650
- Kolframstilling og jernvinner
- Pilgrimsvegar i Røldal
- Allmannavegen og ferdaveger
- Bautasteiner
- Gravrøyser
- Bygdebørger
- Kulturminne etter stølsdrift
- SEFRAK-registrerte bygg og verneverdige bustader og enkeltbygg
  - generelt opp til kommunen å velge og registrere verneverdig bygningsmasse og kulturminne
- Spesialområder vern (omsynssoner)
  - Eldre trehusbygg i Odda sentrum (Tjoadalen og Krenkesflot samt abeiderbustadene i Folgefonna)
- Røldal bygdemuseum
  - samling av gardshus på Ytre Hauge i Røldal
  - museumsplan for bygdemuseet frå 2007
- Gravfelt på Seim
- Det gamle dampysteriet i Røldal
  - privat eidd, bør føreta registreringar av bygning, om mogleg, for dokumentasjon og formidling
  - bør prioriterast i denne planperioden<sup>2</sup>

<sup>2</sup> Kommunedelplan for kulturminne i Odda kommune 2017-2022, s. 21





- Kvekerminne i Røldal
- Teknisk-industrielle kulturminne i Tyssedal og Skjeggedal
  - demningen, Ringedalsdammen, 1918
  - inntaksdam Vetlevatn og hånddreven tilførselstunnel med fordelingsanlegg på Lilletopp
  - rørgata - 730 meter lang rørtrasé
  - kraftstasjonen i Tyssedal, Tysso I, (drift fra 1908), kraftanlegget viser fram ulike stilarter som klassisisme og jugendstil
  - andre spor fra anleggstida og teknisk-industrielle installasjoner fra tidlig 1900-tal som enno ikke er registrerte og dokumentert
- Tyssedal som industriby
  - Tyssedal som bymiljø
  - Tveitahaugen
- Odda smelteverk - freda bygg etter Fredningsvedtaket fra Riksantikvaren datert 31.03.2011
  - 5 Kalksteinssilo på importkai, østlige halvdel
  - 12 Vernebru over Tyssedalsvegen
  - 13 Taubanebukker, inkl. spill- og taubanehus på importkaia
  - 26 Smie, rør- og motorverksted
  - 54/55/56 Råstofflager kalk/koks (Skalltaket) inkl. knuse- og omlastningsstasjoner
  - 70 Trefaseovn 3 med ovnshus, inkl. 4 tappemaskiner
  - 100 Lindehuset
  - 105 Lagerhus cyan med 2 traverskraner
  - 106 Ovnshus II og III med ovner og 1 traverskran
  - 107 Kjølehus cyan
  - 108 Papirlager cyan
  - 109 Cyanamidknuser
  - 113 Råcyanamidsilo
  - 123 Spiserom og tilbygg
- Kulturminne i Skare
  - Steinaberg bru m.fl.
  - Jøsendal og Låte kulturlandskap m.fl.
  - innfallsport til Hardangervidda Nasjonalpark
  - kulturminne i Skare har ikke vore tilstrekkeleg kartlagte og prioritert tidligare<sup>3</sup>, bør prioriterast i dette planarbeidet
- Kyrkjebygg i kommunen
  - Odda kyrkje
  - Berjaflot gravkapell
  - Røldal stavkyrkje
  - Skare kyrkje
  - Tyssedal kirke

<sup>3</sup> Kommunedelplan for kulturminner i Odda kommune 2017-2022, s. 24





- Oddadalen - karakteristiske kulturlandskap
  - Sandvin
  - Hildal
  - Grønsdal
- Veganlegg freda av Statens Vegvesen
  - Røldal vegmiljø (Odda, Hordaland)
  - Haukelifjell vegmiljø (Odda, Hordaland og Vinje, Telemark)
  - veghistoriske bygg i Norge: Brakker i Nupshadlane og Dyrskar (fredningsvedtak fra 2007)
- Almannavegen og gamle ferdaveger
- Bruer, steinhoggarbeid og tørrmuring
  - tørrmuring
- Helletak og heller
  - viktig tradisjon i Hardanger
  - fremming av bruk og gjenbruk bør vurderast gjennom formidling, bidrag m.m.
  - kulturminnefondet har tidlegare gitt midlar til helletak
- Minnesmerker
  - finst inga samla oversikt per i dag
  - kan vere aktuelt med gjennomgang og utforming av ein oversikt over tilstand og ansvarstilhøve og eigarskap
- 2. verdskrig
- Kleberstensbrot på Digranes og i Skare
- Immateriell kulturarv

#### 1.2.1.2 Prioriterte kulturminne, utvalde tema og typiske kulturlandskap

- Omsynssoner regulert til bevaring (spesialområder vern eller omsynssoner pr. 2016)
  - eldre trebebyggelse i Tjoadalen og Krenkesflot samt dei tre arbeiderbustadene i Folgefonna
  - Tveitahaugen hageby i Tyssedal
  - område rundt Røldal stavkyrkje og eventuelt andre omsynssoner knytt til den komande områdeplanen for Røldal sentrum
  - eventuelt andre relevante område som kan vere aktuelle til å regulerast til omsynssone
- Utvalte tema, epokar, område
  - behov for ytterlegare gjennomgang i høve kulturlandskap og regulering av aktuelle omsynssone
  - bevaring av eigaart og arkitektur -bør forankrast i generelle planføresegner
- Typiske kulturlandskap eller særeigne område i Odda -hovudkategoriar
  - Industribyen (Odda og Tyssedal)





- ein del av kraft- og industrilandskapet i Indre Sørfjorden
- kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse
- Fjordlandskapet med gardar og fruktdyrking, men også naust og liar
- Fjelldalane i Hardanger med gardar, fossar, bruer, bratte fjellsider
- Fjelldalane sør for Seljestadjuvet (Røldal og mot Suldal)
- Stølane i liane og fjelldalane, og høyfjell
  - ein viktig rolle for kulturlandskapet
  - nokre stølar er framleis brukt til beite eller melkeproduksjon
- Fjellet med steinbuer brukta til jakt, beite og nokre gongar stølsdrift
- Hytter og hyttefelt

Nokre særeigne og verneverdige bygningstyper i desse områda:

- Kvernhus
- Lemstover
- Røykstover
- Årestover
- Sveitervillaer
- Tørkestover
- Kvernhus
- Eldhus
- Smier
- Stabbur
- Lør av forskjellige slag
- Steinbuer, steingarder, steinbroer, terrasser
- Og andre eksemplar på lokal byggjeskikk

## 1.2.2 Kommunedelplan for kulturminne i Ullensvang herad 2000-2012

### 1.2.2.1 Kulturminne i Ullensvang

- Byggjeskikk, hus
  - Offentlege bygningar
  - Skular
  - Bedehus og ungdomshus
  - Hardanger folkehøgskule
- Samferdsleminne
  - Dei fyrste vegane
  - Sjøen som ferdelsveg
  - Vegutbygging
  - Ferjer og ferjekaiar
- Tettstader
- Forsvars- og krigsminne
  - Bautasteinar





- Tru og kristenliv
  - Gravskikkar
  - Helleristingar
  - Klosterstell
  - Kyrkjer
- Kulturlandskap
- Fruktdyrking
- Utmarksminne
  - Stølar og stølsvegar
  - Andre utmarksminne
- Tekniske kulturminne
  - Vasskraft
  - Telefon
  - Oppgangssagene
  - Handverk og industri
- Bruk av fjorden
- Reiseliv

### 1.2.2.2 Kulturminne i krinsane

- Vikebygd
  - Kulturminne:
    - Måge: Gravrøys på Eikhamrane, fire klebersteinbrot, oppgangssag på Kvitno
    - Lindvik: Kisgruver
    - Gjertveit: Gamle hus m.a. røykstove fra 1770, stovehus 1840, husmannsstove fra 1869
    - Bleie: Istransport fra Folgefonna til England, gammalt stølsmiljø i ruin i Håvedal, 500 m.o.h, Bleiebua fra 1621, Skipparstova - fyrste krambua i Sørfjorden og eit minne fra jektefarten, kvelvingsbru i stein på gamlevegen mellom Ytste og Inste Bleie
    - Reiseter: Hatthaugen, gravhaug med funn av m.a. gullring og agatperler, helleristingar - uthoggen ring i 1100 m høgd, offergroper ved parkeringsplassen
    - Måkestad: Botsvatn - gammalt stølsmiljø, tilgang med bil fra Jondal, offergroper - Måkestad-stølen
    - Kampestad: Gamal skulebygning
    - Kvæstad: Gamal skulebygning og stove fra 1600-talet
    - Nå: Bautastein til minne om 1905
    - Kråkevik: Tilhaldsstad for 7000-8000 år sidan for veidefolk
    - Rogdaberg: Mylne ved sjøen, offergroper ved vegen til Rogdo, "Bresastein" - bålpllass, vete og Skinnheller - uteflor
    - Aga: Gravrøyser, helleristingar og offergroper, "Klokkestinen", Agatunet og husmannsplassen Nortveite





- Hauso
  - Kulturminne:
    - Velure: Steindyngegrav, dansk - frå yngre steinalder
    - Jåstad: Gravrøyser på Grønsnes - Krokelivrøysa, oppe i Hagen, eldhus, truleg frå høgmellomalderen, hellebrot, stølsmiljø på Josete
    - Haustveit: Helleristingar på Håhaugsteinen
    - Hauso: Helleristingar - groper, fotsolar, uthoggen firkant med groper, kvernhus, kulturminne i tilknytning til skogsvegen
    - Årekol: Bryneberg
    - Langeseter: Bryneberg og koparkisgruve
    - Nes: Ei stor gravrøys på Nesmjøstølen / ei nedgraven i murfoten til riksvegen. To koparkisgruver
- Utne/Vines
  - Kulturminne:
    - Utne kyrkje, Utne hotell, Tingstova, Brockhuset, skifabrikk, museumstunet Hardanger Folkemuseum, Tingviki
    - Hesthamar: Steinkrossen, Skrivargarden, gravhaugar, offerholer
    - Lote: Hedlesteinen, gravrøyser, offerholer, kvernhus, kolerakyrkjegard, brureika
    - Alsåker: Skinasete - støl i nydelege turområde, gravrøyser, gamal sag, kvernhus, Hardanger Gjestegard
    - Kvalvik: Kvartsbrotet og utskipingskaien
    - Storås: Tunnefabrikk
- Djønno
  - Kulturminne i krinsen:
    - Veten på Oksen
    - Askevik, Slåttenes, Eikenes, og Naustflot: gravrøysar
    - Oksastølen, Fodnastøl, Stokrå, Vikanesstølen, Ulgenesstølen
    - Åkre: Saltkokeplass
    - Djønno - utsiktsplass med Ja - benk
    - Naustrekka på Tjoflot
    - Kvernhus, smier, naust, utmarksminne
- Kinsarvik
  - Kulturminne:
    - Bu: Bu museum - avdeling av Hardanger folkemuseum, kolgroper, naust i Busnes
    - Ringøy: Helleristingar i Littlekleivneset, Ringøy kai, Ringøy skule, Ringøy ungdomshus, Ringøy stovetun, bautastein til minne om 1814
    - Ulsnes: gravrøyser
    - Gjelet: kvelvingsbru frå 1924
    - Berget: Brui over Koldegjelet





- Kyrkjenes: gravrøyser, steinbrot
- Kinsarvik: Mellomalderstova på Huse, Kinsarvik kyrkje, Borgstova, Ålmerket, bautastein, gamle båststører, Skiparsto, gravhaugar, helleristing på Hus. Kapellanhuset, Larsastova, kraftstasjon, gamal jernbanetrase, gravhaugar, helleristingar
- Lutro: Gamle gardstun og gardshus, gropastein
- Gråten: gamal handelsstad og kai
- I tillegg kjem utmarksminne som me finn i heile krinsen: utelører, løypestreng, vårflorar, stølshus og kolgroper
- Lofthus
  - Kulturminne i krinsen:
    - Kongshaug i Opedal, Århushaugen, Grav på Vindhaug, Gropastein på Tveitane, Kvednarauga, Ullbergsteinen
    - Jåstadstova frå mellomalderen, Årestover frå 1600-talet på Helleland, Tobjasstova hjå Lars Gjernes
    - Ullensvang kyrkje, Luykenhuset, prestegarden, telthuset / stabburet, borgstova, kyrkja, kyrkjegarden
    - Gjesteheimen, Sorenskrivarbygningen, Rettsmuseet, Solbakken, banklokalet, Grieghytta, Krossvoll, Hardanger folkehøgskule
    - Brunaustet, gamle gardstun med smier og eldhus
    - Brurastein på Brurastol, Eidneskjeldo, Hola til Velurepakket
    - Telmyrane, Stuasete, Myrsete, Gunnhildestøl
    - Ingrid og Bernhard Greves samlingar på Skredhaugen og Jon Bleie si kunst- og boksamling
- Sekse
  - Kulturminne:
    - Børve: Vete og bygdaborg på Børvehovden, helleristing, offergroper og fotsolar, holdeholer og gravrøyser, klyngjetun
    - Sekse: Sakshaug, offersteinar
    - Hovland: Gamal lensmannsgard med arrest i naustet, tømra stove
    - Meland: Slipestein for spyd og steinsøksar, tømra stove, eldstad frå eldre jarnalder
    - Espe: Klebersteinandlet funne i 1834 (Bergen Museum)

## 1.2.3 Kommunedelplan for kulturminne i Jondal kommune 2009-2020

### 1.2.3.1 Materiale og status for kulturminne i Jondal kommune

- Faste kulturminne
  - Kulturlandskap
  - Kulturmiljø frå nyare tid
  - Forminnemiljø





- Einskildeobjekt
  - Bygningar
  - Tekniske kulturminne
- Lause kulturminne
  - Lause kulturminne frå nyare tid
  - Lause fornminne
- Maritime kulturminne
- Handlingsboren kunnskap
  - Saum- drakt og bunad
  - Vefving
  - Trearbeid
  - Båtbygging
- Immatriell kultur
  - Dialekt
  - Folkemusikk
  - Segner/eventyr/leik
  - Munnleg tradisjon
- Andre kulturminne
  - Gravminne
  - Nyare kulturminne (etter 1950)
- Museum/arkiv
  - Bygdetun
  - Hardanger og Voss Museum
  - Båtbyggarmuseet i Herand
  - Årsand skolemuseum
  - Herand Landskapsmuseum
  - Skipsarkivet
- Private samlingar

Dei ovannemnte oversiktene gjev eit godt og breidt utgangspunkt for vidare vurdering og val av relevante fokusområde.

## 1.3 Plantype og forhold til andre planar

Kulturmiljøplan vert utforma som ein tematisk kommunedelplan. Det betyr at det vert behov for meir detaljerte planar i framtida knytt til ulike aspekt som vert omtala i kulturmiljøplanen. Tematiske kommunedelplanar skal gje mål og strategiar som er knytt opp mot måla i kommuneplanens samfunnssdel. Slike planar har same juridiske verknad som kommuneplanens arealdel, og skal òg ha ein handlingsdel som rullerast kvart år.

Den nye kulturmiljøplanen for Ullensvang kommune erstattar følgjande planar:

- Kommunedelplan for kulturminner i Odda kommune 2017-2022
- Kommunedelplan for kulturminne i Ullensvang herad 2000-2012
- Kommunedelplan for kulturminne i Jondal kommune 2009-2020





## 2. Føringar

### 2.1 Nasjonale føringar og lovgrunnlag

Aktuelle lovverk i høve kulturminne:

- Lov 1978-06-09 nr. 50: Lov om kulturminner (kulturminneloven)
- Lov 2007-06-29 nr. 89: Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova)
- Lov 2008-06-27 nr. 71: Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)
- Lov-2009-06-19 nr. 100: Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)

Andre nasjonale føringar:

- Riksantikvaren
  - strategi for arbeid med kulturarv for kommunane (2019-2022)
  - støtte til planarbeidet gjennom tilskuddsordningen
- Stortingsmelding nr. 16 (2019-2020) *Nye mål i kulturmiljøpolitikken - Engasjement, berekraft og mangfold*
- Stortingsmelding nr. 35 (2012-2013) *Framdrift med fotfeste*
- Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging

### 2.2 Regionale mål og føringar

- Forankring i den regionale planen for Hordaland 2015-2025
  - forvalta av Vestland fylkeskommune etter 2020
- Regional plan for kultur i Vestland 2023-2035

### 2.3 Kommunale føringar

- Planstrategi for Ullensvang kommune 2024-2028
- Kommuneplanen sin arealdel (under arbeid)
- Kommunedelplan for kulturminne i Odda kommune 2017-2022
- Kommunedelplan for kulturminne i Ullensvang herad 2000-2012
- Kommunedelplan for kulturminne i Jondal kommune 2009-2020
- Rettleiar for byggeskikk i Odda kommune (2015)
- Ullensvang ROS (Heilskapleg risiko- og sårbaranalyse for Ullensvang kommune) 2019

### 2.4 Andre føringsgjenvende organisasjonar

- Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU)
- Fortidsminneforeningen
- Bygg og bevar





## 3. Føremål

Føremålet med planarbeidet er todelt. Først er det føremålstenleg å innhente og oppdatere kunnskapen rundt lokale kulturminne og kulturmiljø i nye Ullensvang kommune, og sjå dei i samanheng med kvarandre.

Vidare vil ein kunne skille ut enkelte tema og kategoriar som vert sett på som spesielt relevante for denne planperioden. Dette vert gjort gjennom å definere bestemte *satsingsområde*.

Det kan til dømes vere tema som ikkje har vore teke særleg omsyn til i tidlegare planarbeid. Det kan også vere tema som har vore tilrådd og/eller planlagt prioritert tidlegare, men likevel ikkje har vorte gjennomført. Ved å auke fokus på dei områda, vil ein kunne legge eit godt grunnlag for ei heilsakpleg og balansert kulturminne- og kulturmiljøforvaltning i kommunen.

### 3.1 Kartlegging og oversikt over kulturminne og kulturmiljø

Generelt sett er det dei siste åra gjort mykje kartleggingsarbeid i Noreg knytt til kulturminne. Riksantikvarens satsingar og bevaringsprogram har vore og er til rettleiing og hjelp i kommunalt arbeid med å oppdatere oversikt over verneverdige kulturminne og kulturmiljø. I nye Ullensvang er såleis mykje kartlagt.

*Per 03.07.2024 er det registrert 1031 lokalitetar og enkeltminne<sup>4</sup>*

Ein kan likevel ikkje utelukke nye funn, og det er difor viktig å ha tilgjengelege ressursar for ytterlegare registrering ved framtidige funn av arkeologiske kulturminne. Rammene rundt dette vert definert i kulturminnelova §9 om undersøkingsplikt.

Generelt sett finst det nokre eksempel på viktige typar kulturminne og kulturmiljø. Lista er henta frå Riksantikvaren sin digitale rettleiar *En innføring i å lage kulturminneplan for kommunen*:

- automatisk freda kulturminne (på land og under vann)
- område med høgt potensiale for funn av kulturminne som er freda eller foreslått freda etter kulturminneloven
- område regulert til spesialområde bevaring eller omsynssone c) vern av kulturmiljø etter PBL

<sup>4</sup> [kulturminnesok.no](http://kulturminnesok.no)





- område båndlagt til kulturmiljø eller landskapsføremål eller gitt omsynssone c)
- kulturminne og område som inngår i tematiske eller fylkesvise verneplanar
- kulturminne og område som inngår i nasjonale retningsliner av verneverdige område
- område eller tema som er omfatta av rikspolitiske retningsliner
- kulturminne registrert i SEFRAK etter konkret vurdering
- immaterielle kulturminne: stader knytt til tru eller tradisjon

I tillegg er det også viktig å auke fokus på kulturminne frå nyare tid (datert til 1537 eller seinare), ettersom dei ikkje er sikra gjennom dagens lovverk. Lovverket er utdatert og vil truleg måtte endrast til å omfatte etterreformatoriske kulturminne på sikt, basert på problematisering i forskinga til relevante fagmiljø.<sup>5</sup>

Det eksisterer allereie mykje informasjon om kulturminne som inngår i Riksantikvaren si ovannemnde lista. Oppgåva til kommunen vidare vert å prioritere særskilde kulturminne i Ullensvang for optimal bevaring, formidling og forvaltning i planperioden.

### 3.2 Evaluering av satsingsområde

Stortingsmeldinga nr. 16 (2019-2020) kjem med tal som viser til positiv utvikling på landsbasis når det gjeld utviklingstrekk knytt til eksisterande nasjonale miljømål dei siste 15 åra (2005-2020):

- Miljømål 2.1 – Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast
- Miljømål 2.2 Eit prioritert utval automatisk freda og andre arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020
- Miljømål 2.3 – Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vere vedtaksfreda innan 2020
- Miljømål 2.4 – Freda bygningar, anlegg og fartøy skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020

Den heilskaplege utviklinga er positiv. Samstundes er det behov for å avklare kva for satsingsområde ein skal definere i Ullensvang for den neste planperioden. Målet er å peike ut visse kulturminne- og kulturmiljøkategoriar som ein bør prioritere ekstra.

#### **I samarbeid med ressursgruppa, har arbeidsgruppa peika ut følgjande tema som forslag til satsingsområde:**

- **Mellomalderhistorie**
  - Agatunet
  - Røldal stavkyrkje/pilegrimstradisjonen
  - Kinsarvik kyrkje/vikinghistorie i sentrum

<sup>5</sup>McLees, 2024.





- Andre relevante kulturmiljø/minne frå mellomalderen
- **Immateriell kulturarv og handlingsboren kunnskap<sup>6</sup>**
  - Folkemusikk og folkedans
    - Den norske hardingfelemakartradisjonen
    - Hardanger Spelemannslag
  - Skautfelling<sup>7</sup> og tradisjonshåndverk knytt til bunadsproduksjon
  - Stølskultur
  - Båtbyggartradisjon
  - Samferdsel, historiske vegar og vandreruter
  - Tradisjonar og historie rundt jakt og fangst
  - Mattradisjonar
    - matkultur i Hardanger
    - fruktdyrking og siderproduksjon
    - bryggjetradisjon med fokus på kveik
  - Rettshistorie
    - Hesthamar skrivargard
    - Sorenskrivarbygningen
    - Rettsmuseet
  - Krigsminne- historie og fortellingar knytt til materielle kulturminne
    - Skare- kanon
    - Tjødnadalen-bygdeborg
- **Historiske bygg og bumiljø**
  - Byggeskikktradisjonar i nye Ullensvang
    - Førindustriell trehusbusetnad knytt til turisme
      - Odda
      - Lofthus
      - Jondal
    - Industri og krafthistorie
      - teknisk-industrielle kulturminne i Odda
        - Smelteverkstomta
      - teknisk-industrielle kulturminne i Tyssedal
        - Tyssedal Kraftanlegg (Tysso I) og industrisamfunnet rundt
- **Fjordlandskapet**
  - Natur
  - Kulturlandskap
  - Kulturmiljø
  - Tradisjon
  - Reiseliv og friluftsliv
  - Frukt

<sup>6</sup> Jamfør dei ulike kategoriane under på <https://www.immateriellkulturarv.no>

<sup>7</sup> <https://www.immateriellkulturarv.no/bidrag/skautfelling/>





Det er viktig å peike på at den ovannemnde lista ikkje er låst, og det kan komme inn andre tema under framtidig arbeid, etter behov.

### 3.3 Verneverdi, verdsetting og prioritering

For å kunne definere kva som er å rekne som kulturminne, er ein avhengig av å kunne vurdere og verdsette landskap, bygg og diverse objekt. Det er ikkje alltid like opplagt kva som er å rekne som kulturminne. Vurderingar kan verte gjort frå mange ulike synspunkt med ulik konklusjon, spesielt om ein set ulike kulturminne opp mot kvarandre. Ein har difor definert nokre bestemte kriterium i vurdering av kulturminne for å gjere prosessen lettare.

*Verdien til et kulturminne er ikke en målbar størrelse. Verdien er heller ikke konstant, men er kulturelt betinget og endrer seg [...] [Det vil ofte] være slik at kulturminnetyper tillegges økt verdi når tapet allerede har vært stort, slik at det som før har vært vanlig, er blitt sjeldent. Derfor er det et mål i forvaltning av kulturmiljø at et representativt utvalg av kulturminner skal bevares for ettertiden.<sup>8</sup>*

-Kulturmiljøplan Bergen kommune 2021-2025

Generelt sett finst det juridisk definerte hovudkategoriar for bygg som vert sett på som verneverdige (jf. Lov om kulturminner [kulturminneloven]):

- Faste kulturminne frå før 1537, og ståande bygningar frå før 1649 er automatisk freda
- Paragraf 19-3 i byggesaksforskriften til Plan- og Bygningsloven slår fast at: "Følgende bygninger som etter plan- og bygningsloven er gitt bevaringsstatus, er å anse som bevaringsverdig etter denne forskrift:
  - a) Bygninger i område regulert til spesialområde for bevaring etter plan- og bygningsloven (1985) § 25 første ledd nr. 6
  - b) Bygninger som etter plan- og bygningsloven § 12-6, jf. § 11-8 annet ledd bokstav c ligger innenfor hensynssone for bevaring av kulturmiljø;
  - c) Bygninger etter § 12-7 nr. 6 som omfattes av reguleringsbestemmelser som sikrer verneverdiene, og
  - d) bygninger etter § 12-5 annet ledd nr. 5 er bygninger som innenfor planformålet landbruk, natur og friluft (LNFR) er vist med underformål vern av kulturmiljø eller kulturminne."

I tillegg gjeld det same for alle erklærte ståande byggverk med opphav frå før 1649, samt samiske bygg frå 1917 eller før. Regjeringen slår også fast at bygg og

<sup>8</sup> Identitet med sær preg- Kulturmiljøplan for Bergen 2021-2025, s.11





bygnadsmiljøer som ikkje vert freda automatisk, men som har nasjonal verdi, kan òg fredast av Riksantikvaren. Etter 1992 er det også mogleg å frede kulturmiljø uten at alle dei enkelte delane av miljøet er fredingsverdige i seg sjølv.

### 3.3.1 Verdivekting: kriterium

Sjølv om det finst klare og tydelege retningslinjer for ein rekke bygg og bygnadsmiljø i Noreg, finst det òg eit stort spekter av andre kulturminne som ikkje fell inn under "automatisk freda"-kategorien etter kulturminnelova, og det vert difor ytterlegare presisert i andre lovverk kva ein skal fokusere på ved vurdering av andre bygg.

*Ved vurdering av om andre bygninger enn de som omfattes av første ledd er bevaringsverdige etter denne forskrift skal det legges vekt på bygningens*

- a) representativitet
- b) autentisitet
- c) arkitektoniske verdi
- d) identitetsverdi
- e) sammenheng med kultur- eller naturmiljø.

Dei ovannemnte kriteriane er imidlertid ikkje målbare og kan vere utfordrande å vurdere etter, spesielt om ein skal vurdere to ulike kulturminne opp mot kvarandre for å t.d. kunne prioritere. Det er naudsynt med god kunnskap og godt informasjonsgrunnlag i kommunen knytt til sine kulturmiljø og kulturminne for å kunne prioritere riktig.

Den gamle kulturminneplanen for Jondal kjem med gode døme på ytterlegare spesifisering innanfor kriteria. Det vert definert tre hovudkategoriar: opplevings-, kunnskaps- og bruksverdi. For vidare differensiering, vert delverdiar spesifisert:

| Opplevingssverdi   | Kunnskapsverdi   | Bruksverdi  |
|--|--|---|
| <ul style="list-style-type: none"> <li>• Identitetsverdi</li> <li>• Symbolverdi</li> <li>• Estetisk verdi</li> <li>• (Arkitektonisk/ kunstnarisk verdi)</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Alder</li> <li>• Representativitet</li> <li>• Historisk kjeldeverdi</li> <li>• Autentisitet</li> <li>• Typisk (sjeldenhetsverdi)</li> <li>• Variasjon (mangfold)</li> </ul> | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Miljøverdi</li> <li>• Bruksressursar</li> <li>• Økologisk verdi</li> <li>• Næringsverdi</li> <li>• Pedagogisk verdi</li> </ul> |

Det finst med andre ord mange samansatte kriteriar for verdivurdering av kulturminne og kulturmiljø, og det er ikkje alltid like åpenbart eller enkelt å definere verneverdien. Samstundes er det viktig å sjå ting i samanheng og perspektiv for å kunne gje ei så riktig vurdering som mogleg. Målet er først å fremst å kunne sikre eit *representativt* utval av kulturminne.





### 3.3.2 Vernkategoriar

Ikkje alle kulturminne er like verdifulle på nasjonalt nivå, men kan likevel ha ein lokal verneverdi. Ein opererer med ulike omgrep etter grad av vern.<sup>9</sup>

- Fredning
  - nasjonal verneverdi, den strengaste formen for vern
- Automatisk fredning
  - fredning etter kulturminnelova eller svalbardmiljølova
- Vedtaksfredning
  - fredning etter kulturminnelova eller svalbardmiljølova gjennom særskilt vedtak
- Forskriftsfredning
  - fredning etter kulturminnelova gjennom vedtak av forskrift
- Mellombels fredning
  - Brukast dersom eit kulturminne eller eit kulturmiljø er trua og der det er behov for å vurdere verneverdien med tanke på permanent fredning
- Verneverdig/bevaringsverdig
  - Kulturminne/kulturmiljø som har gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig, men vanlegvis ikkje gjennom formelt vern
- Vern gjennom plan
  - I tillegg til dei ovannemnte kategoriene er det i Ullensvang kommune vanleg med vern gjennom plan-praksis, der historiske bygg i Odda sentrum (mellan anna på smelteverkstomta) vert verna gjennom føresegnene i reguleringsplan

## 3.4 Formidling, forvaltning og bevaring

I høve arbeid med kulturmiljøplanen skal det utarbeidast ein overordna strategi i kommunen knytt til formidling, forvaltning og bevaring av kulturminne.

Kommunen skal sjå til at kulturminne vert integrert i ulike sektorar som til dømes arealplanlegging, landbruk, næring og utvikling, samt i offentlege utdanningstitusjonar. I denne samanheng har kommunen fleire sentrale oppgåver og roller.

### 3.4.1 Kommunen si rolle som formidlar

- formidling av generell informasjon på kommunens nettside
- opplysande arrangement (t.d. kulturvandringar<sup>10</sup> og museumsbesøk)
- formidling gjennom ny kulturmiljøplan
- inkludering og opplysning av barn og unge (div. opplegg som t.d. museumsbesøk gjennom skulen)

<sup>9</sup> Stortingsmelding nr. 16 (2019-2020)

<sup>10</sup> Kulturvandringar kan planleggast med fokus på ulike tema definert i handlingsdelen





- insentiv til meir formidling av freda kulturmiljø
  - i samarbeid med museum og private aktørar

### 3.4.2 Kommunen si rolle som forvaltar

- øke fokus på kulturminnevern, både administrativt og politisk
  - styrke kommunal kompetanse om kulturminne og -miljø
  - sette kulturminnespørsmål på politisk dagsorden
  - sette av midlar til kulturminneformål
- kontakt med og oppfølging av frivillege og private eigarar - rettleiing og informasjon opp mot kjende støtteordningar
  - saman med bygningsvernkonsulent hjå Hardanger og Voss museum
- bidra til verdiskaping gjennom tilrettelegging for utviklingsarbeid
  - legge opp til vern gjennom bruk
  - hjelp og støtte til drift av næring i kulturminne og kulturminnemiljø

### 3.4.3 Kommunen si rolle som bevarar

- sikre at lokal identitet og byggeskikk vert ivaretakne gjennom kommunalt plan- og byggesaksarbeid
  - retningsliner rundt påbudt bruk og ombruk av bygnadselementer på eksisterande verneverdige bygg
    - t.d. takheller i stein
  - estetiske retningsliner knytt til fargeval og utforming
    - bevaring og styrking av lokal stedsidentitet
- etablere lokal oversikt over bygg som ikkje har statleg vern, men som likevel er av lokal kulturhistorisk verdi
  - jamfør "gul liste" i kulturmiljøplanen til Kvam Herad, modellert etter Byantikvarens "Gule liste"<sup>11</sup> i Oslo (tilgjengeleg på *Kulturminnesøk*)
    - liste/oversikt over kulturminne i kommunen som ikkje er freda etter kulturminnelova
    - basert på prioriteringsverktøy (som skildra over, under avsnitt 3.3.1)
    - definere rammene rundt oppfølging og ajourføring
- øke fokus på beredskap rundt kulturminne og kulturminnemiljø som kan verte utsatt for klimaendringar og/eller uforutsette hendingar
  - vurdere og følgje opp forebyggjande tiltak
  - styrka koordinering på tvers av sektorer i beredskapsarbeid rundt kulturminne ut i frå den heilskaplege ROS-analysen for kommunen (ferdigstilt i 2019)
    - utgangspunkt for å sjå verneverdiar, risiko og sårbarheit i samanheng

<sup>11</sup> [Gul liste - Byantikvarens informasjonsark](#)





Flaum i Opo, Odda, 2014. Bilete: Marit Hommedal / NTB scanpix

### 3.5 Utfordringsbilete

I høve framtidig arbeid med kulturmiljøplanen har ein definert enkelte område der ein kan støtte på nokre utfordringar og som difor krev eit særskild fokus:

- Prioritering av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap
  - begrensa økonomisk handlingsrom i kommunen
    - begrensa statlege økonomiske rammeføresetnader knytt til vedtaksfreda bygg i kommunen
      - mykje freda bygningsmasse, spesielt på Odda smelteverk, som krev omfattande tilsyn og ressursar knytt til vedlikehald over tid
    - optimal og informert verdivekting og prioritering
- Digitalisering og formidling av eksisterande informasjonsgrunnlag
  - val av strategi og plattform for informasjonsformidling
    - eit lag av kompleksitet i det digitale landskapet
    - på kva måte kan ein nå ut med informasjon til flest mogleg?
- Kulturminne sett i samanheng med *klimaendringar*<sup>12</sup> og *beredskap*<sup>13</sup>
  - vert eit stadig meir aktuelt tema i framtida
  - enkeltminne og kulturmiljø har størst eigenverdi i si fysiske form
    - tap av enkeltminne eller stor skade svekker verdien
    - den materielle kulturarven vil aldri kunne opplevast på same måte om den ikkje lenger finst, i motsetning til immateriell kulturarv
  - klimaendringane fører til meir ekstremvær og svingningar som ber

<sup>12</sup> [niku.no](http://niku.no)

<sup>13</sup> [forskning.no, kulturminnebloggen](http://forskning.no, kulturminnebloggen)





- med seg auka materiell slitasje og risiko for mellom anna endra grunnforhold
- krigshandlingar, kriser, katastrofer og kriminalitet kan gjere uoppretteleg skade på kulturminne og kulturmiljø
  - manglante dokumentasjon kan gjere at enkeltminne eller miljø vert nærmast gløymt etter at dei vert fjerna eller skadde
- stadig auka press på materielle kulturminne
  - miljøkriminalitet mot helleristningar, gravingsarbeid i grunn, tjuveri, utbyggingspress, brannspreiing, eller målretta handlingar slik som å brenne ned gamle kyrkjebygg eller andre enkeltminne
  - auka turistmengder kan føre til forureining, press og auka slitasje
- sjølv god dokumentasjon av kulturminne og kulturminne før det forsvinn kan ikkje samanstillast med den fysiske opplevnaden

Det vert viktig å ha desse moment i bakhovudet i framtidig arbeid og sjå på løysingar som kan handtere nåtidas og framtidas utfordringar knytt til kulturminne og kulturmiljø i kommunen.





## 4. Forslag hovudstruktur

Ullensvang kommune sit på eit breidt og omfattande informasjonsgrunnlag om mange typar kulturminne. Utfordringa ligg i å strukturere og avgrense arbeidet til spesifikke val av tema knytt til kulturminne og kulturminnevern.

Enkelte kulturmiljøplanar for andre kommunar fokuserer på å trekke fram ulike tema ved kvar rullering av planen. For kvart av dei ulike tema er det eit mål om å trekke fram to fokusområde; formidling og oppleveling av kulturminna og vern gjennom bruk. Dette er ein god strategi som kan vere relevant å nytte i dette planarbeidet òg.

Det er føremålstenleg å skille ut ein kunnskapsdel og ein handlingsdel i planen. Gjennom dei to delane er det eit samla mål om å bygge opp eit godt kunnskapsgrunnlag og å tydeleggjere vegen vidare.

### 4.1 Kunnskapsdel

Formålet med kunnskapsdelen er å:

- Samla informasjonsgrunnlaget frå dei tre gamle kommunane
- Vurdere kulturminne og kulturmiljø i kommunen
- Identifisere og kartlegge kulturminne som det ikkje finst tilstrekkelig kunnskap om
- Oppsummere funn for vidare bruk i handlingsdelen

### 4.2 Handlingsdel

Formålet med handlingsdel er å:

- Tydeliggjere strategiar for formidling og bevaring av kulturminne
- Gjere ei prioritering i høve bruk av ressurser knytt til vern
- Synleggjere og nytte kulturminne i framtidig nærings- og samfunnsutvikling, t.d. kulturopplevelingar
- Trekke fram kulturminne med særleg verdi for regionen og fokusera på vern og forvaltning av dei gjennom offentleg og privat initiativ
- Vere pådrivar og definere rammene for ei berekraftig forvaltning av kulturarven i Ullensvang
- Sjå på kulturminne i samanheng med klimaendringar og beredskap





## 5. Organisering, medverknad og framdrift

### 5.1 Organisering av arbeidet

Arbeidet vert utført i regi av Ullensvang kommune i eit samspel med ei ressursgruppe og andre relevante interessentar.

“Det er eit nasjonalt mål at alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturarven. Kulturmiljø er eit felles gode som samfunnet har eit felles ansvar å forvalte.”

-*Regional plan for kultur 2023-2035, Vestland Fylkeskommune*

#### 5.1.1 Administrativ arbeidsgruppe frå Ullensvang kommune

**Oppdragsgjevar/prosjekteigar:** Kristian Bondhus-Jensen, kommunalsjef Kultur, næring og samfunn, Ullensvang kommune

**Prosjektleiar:** Viola Starr, samfunnsplanleggjar, Ullensvang kommune (UK)

**Arbeidsgruppe:**

- Viola Starr,
- Frank Aleksander Høyland (samfunnsplanleggjar, UK),
- Else Marie Sandal (verksemndsleiar bibliotek og kultur, UK)
- Wermund Vetrhus (verksemndsleiar plan og samfunnsutvikling, UK),
- relevant fagleg bistand frå konsulentselskap der det vert naudsynt

#### 5.1.2 Ressursgruppe:

**Hardanger og Voss museum:**

Ingvild Hauso

Åsmund Kristiansen

Randi Bårvedt

**Agatunet:** Guttorm Rogdaberg

**Røldal:** Margit Gjørv

**Kraftmuseet:** Åsne Dolve Meyer

**Bygdetunet Jondal:** Olaug Værland

**Hardanger Historielag:** Brita Jordal

**Herand bygdelag:** Ole Gisle Vassel

**Hesthamar skrivargard:** Otto van Etten eller Aud Marit Eitrheim

**Sentralbadet Litteraturhus:** Ingvild Ystanes

**Ålmerket Kinsarvik:** Andreas Hus





### 5.1.3 Tilgjengelege lokale ressursar

- Kraftmuseet i Tyssedal
- Hardanger og Voss museum
- Agatunet
- Hesthamar skrivargard
- Bygdetun
- Båtbyggarmuseet i Herand
- Årsand Skulemuseum
- Herand Landskapsmuseum
- Skipsarkivet
- Fortidsminneforeningen
- Andre relevante museum/arkiv/historielag

### 5.2 Medverknad

Medverknaden i planarbeidet skal sikrast på følgjande måtar:

- gjennom formelle krav i regelverket etter PBL for ein planprosess
- tilleggsmedverknad frå ressursgruppe og andre aktuelle partar
- ope folkemøte og høyring av planforslag

### 5.3 Framdrift

| <b>Steg i prosessen</b>                                  | <b>Framdrift</b>   |
|--|--------------------|
| Oppstartsmøte  | 09.04.24           |
| Utarbeiding av planprogram                               | 2024               |
| Politisk handsaming og offentleg ettersyn av planprogram | 2024, siste halvår |
| Fastsetting av planprogram                               | 2024-25            |
| Oppstart av planarbeid                                   | 2024-25            |
| Utarbeiding av planforslag                               | 2024-25            |
| Offentleg ettersyn av planforslag                        | 2025               |
| Ope informasjonsmøte                                     | 2024-25            |
| Vurdering av innspel og eventuell omarbeidning av planen | 2025               |
| Slutthandsaming  | 2025               |
| Vedtak om godkjenning av planen                          | 2025-26            |





## 6. Kjeldeliste

- Bergen kommune (2019/2021). *Identitet med sær preg- Kulturmiljøplan for Bergen 2021-2025.*  
<https://www.bergen.kommune.no/hvaskjer/tema/kulturmiljoplan-for-bergen-n/identitet-med-sarpregkulturmiljoplan-for-bergen-2021-2025>
- Immateriell kulturarv. Kulturrådet. <https://www.immateriellkulturarv.no/>
- Jondal kommune (2009). *Kommunedelplan for kulturminne i Jondal kommune 2009-2020.*
- Kjølsen Jernæs, N. (2023, 04.12). Kulturminner er ikke «viktige nok» – hvilken plass har de i norsk beredskap? *Blogg.forskning.no.*  
<https://blogg.forskning.no/kulturminnebloggen/kulturminner-er-ikke-viktige-nok-hvilken-plass-har-de-i-norsk-beredskap/2289450>
- Kvam Herad (2017). *Med røter og føter i Kvam- Kommunedelplan for kulturminne 2017-2027.*  
[https://www.kvam.no/\\_f/p1/i1c074a4b-d0b8-4a21-a7e7-aec270956975/kulturminneplan-v20001.pdf](https://www.kvam.no/_f/p1/i1c074a4b-d0b8-4a21-a7e7-aec270956975/kulturminneplan-v20001.pdf)
- McLees, C. (2024, 26. juni). Fem århundrer med tapt kunnskap. *Blogg.forskning.no.*  
<https://blogg.forskning.no/kultur-kulturhistorie-kulturminnebloggen/fem-århundrer-med-tapt-kunnskap/2379471>
- Norsk Institutt for Kulturminneforskning (u.å.) *Hvordan skåne kulturminner fra klimaendringene (MICHON).* niku.no. Henta 02.07.24 frå:  
<https://www.niku.no/forskningsprosjekt/hvordan-skane-kulturminner-fra-klimaendringene-michon/>
- Odda kommune (2017). *Kommunedelplan for kulturminner i Odda kommune 2017-2022.*
- Odda Kommune (2015). *Rettleiar for byggeskikk i Odda kommune.* Odda kommune.  
<https://byggogbevar.no/media/6313/rettleiar-for-byggeskikk-i-odda-kommune.pdf>
- Oslo kommune (u.å.). *Gul liste - Byantikvarens informasjonsark.* [Brosjyre]. Oslo kommune.  
<https://www.oslo.kommune.no/plan-bygg-og-eiendom/kulturminner-og-bevaring/gul-liste/#gref>





- Riksantikvaren. (2019, 11. desember. Endret: 2024, 6. mai). Kulturminne i kommunen. riksantikvaren.no. <https://riksantikvaren.no/kik/>
- Riksantikvaren (u.å). *Hva, hvorfor og hvordan. En innføring i kulturminneplaner i kommunen.* Henta 20.06.24 frå <https://riksantikvaren.no/veileder/hva-hvorfor-og-hvordan-en-innforing-i-kulturminneplaner-i-kommunen/>
- Ullensvang Herad (2000). *Kommunedelplan for kulturminne i Ullensvang herad 2000-2012.*
- Voss Herad (2022). *Kulturmiljøplan 2022-2032.* [https://voss.herad.no/\\_f/p1/i3a53f174-62fe-4b8a-9486-b42d5d5448c8/kulturmiljoplan-voss-herad-2022.pdf](https://voss.herad.no/_f/p1/i3a53f174-62fe-4b8a-9486-b42d5d5448c8/kulturmiljoplan-voss-herad-2022.pdf)
- Forsidebilete: privat og Skarv Studio

